

Fra: arild@aasegarden.no
Sendt: torsdag 17. februar 2022 14:19
Til: Terese Folgerø; Postmottak Alver
Emne: VS: Til Kommuneoverlegen i Alver. Bekymringsmelding vedrørende tipping av tilkjørte jord og steinmasser med avrenning mot drikkevatn.

Hei

Sender herved purring på henvendelse den 21 november 2021 om avrenning av jordmasser og avrenning fra tilkjørte jordmasser og steinmasser, direkte til Langavatnet. Kan ikkje sjå å ha mottatt svar eller oppfølging av denne viktige saka. Ber om vurdering ut frå drikkevannsforskrift og miljøhensyn ved planlegginga og vilkår ved arbeid i området. Forureinsinga er frå landbrukskontoret og miljø og tilsyn sett på som at eg som brukar av vatnet må godta avrenning av overnevnte masser i vatnet. Eg meiner det lite gjort for å begrense utsleppet og at det er gjort lite frå tiltakshaver i å finne ut korleis ein skal oppretthalde at det ikkje skal være utslepp til Langavatnet frå jordmasser no og i resterande arbeid med vegbygginga og drift.

Mvh
Arild Aase

Fra: arild@aasegarden.no <arild@aasegarden.no>
Sendt: søndag 21. november 2021 13:21
Til: 'terese.folgero@alver.kommune.no' <terese.folgero@alver.kommune.no>;
'postmottak@alver.kommune.no' <postmottak@alver.kommune.no>
Kopi: 'arild@aasegarden.no' <arild@aasegarden.no>
Emne: Til Kommuneoverlegen i Alver. Bekymringsmelding vedrørende tipping av tilkjørte jord og steinmasser med avrenning mot drikkevatn.

Til Kommuneoverlegen i Alver

Eg Arild Aase er grunneigar og nabo til Isdalfelles der det har pågått arbeid med laging av skogsveg for uttak av skog. Det er landbrukskontoret ved Nils Kolaas som har utarbeida planen for grunneigarane. Eg gav allereie i starten for over eit år sidan min bekymring til Nils Kolaas og Isdal felles grunneigarane, at ein måtte ivareta at avrenning ikkje måtte gå mot vårt private drikkevatn. Eg bad om skriftelige tilbakemeldingar for prosjektet, men har ikkje fått noko varsling eller skriftlig. Eg fekk på telefon beskjed om at det skulle berre kjørast til reine steinmasser for å lage skogsvegen. Jord som vart groven opp skulle leggjast på skrånningar og vegskulder. Det skulle ikkje tilkjørast jordmasser, sidan dette er definert som ureine masser.

I vår kom det i løpet av 14 dager tilkjørt store mengder jord som vart tippa i ein skråning. Denne jorda har direkte avrenning til drikkevatnet vårt. Eg varsla Øystein Kolstad og Laila Bjørge på Landbrukskontoret og Per Sveinar Morsund på miljøavdelinga hjå Alver kommune om forholdet, men hørte ingenting. Eg kontakta dei igjen på telefon og fekk vite at Per Sveinar Morsund hadde tatt seg ein tur, men kunne ikkje sjå noko søppel.

Eg er lettare fortvila over den manglande kompetansen og interessen for å sjekke ut forholdet kring denne jorddumpinga.

Så kunne eg lese i avis Nordhordland at det vart grove opp masser fra E 39 prosjektet i Knarvik som inneheld nedgravde lastebiler. Alle massene som er komme til dette prosjektet skal komme ifrå akkurat denne nye rundkjøringa i Knarvik. Eg har også heile tida vore bekymra for steinmassene som er tilkjørt, på grunn av at dei er tatt ut under og kring den gamle bensinstasjonen i Knarvik.

Eg har kontakta fylket sin miljøvernavdeling, der dei sende meg vidare til dei som har med utbygging av skogsvegar. Eg fekk vita at dette med jordtipper var eit svært problem og at kommunane ikkje tok dette alvorleg og trenerte mange slike klager som eg kom med. På fylket meinte dei at dette var ei svært alvorleg sak når det gjelder avrenning til drikkevatn. Dei kunne ikkje overgå kommunen sine avgjersler og bad meg kontakte Kommuneoverlegen i Alver for å ta opp saka.

Dei skjønte godt mi bekymring, men at presset på kommunen gjorde at kommunen ofte lot slike saker berre gå. Det var ikkje holdbart og det er for meg ei stor bekymring. Fylket sa også at det er gjort ei uttalelse i saka at det ikkje skal være avrenning til Langavatnet. Dette er stikk i strid mot det som er fakta. *All avrenning frå veg skjer til drikke vatnet i Langavatnet.*

Eg har bedt kommunen om ei redegjersle for kven som har ansvar for at massane er reine, kven som tar vassprøver i dette tilfellet og kven som har beredskapen dersom vårt drikkevatn vert forureinsa. Då får eg vite at dette er utbyggjarane. Når deg spør utbyggjarane har dei ingen prøver frå vatnet, ingenting som gjer at avrenning ikkje går til dette vassdraget og ingen beredskap for å erstatte nytt drikkevatn til folk og dyr på dagen, dersom forureininga er eit faktum. Det einaste er at dei har tenkt ei beredskap for evt slangebrudd på maskiner som kan tilføre vassdraget hydrolikk olje. Dette bekymrer meg veldig.

Det er 4 boliger, driftsbygg med dyr og ca 20-30 personer som daglig har tilgang til vatn gjennom dette vassdraget.

Den 11.11.2021 fekk eg eit skriv frå kommunen der utbyggjarane på Isdal felles har søkt om å tippe tilkjørt jord for å dekke skråningar. Dette har Landbrukskontoret i Alver no gitt utbyggjarane løyve til. Dette er stikk i strid med det som var avtalt med Nils Kolaas på Landbrukskontoret og utbyggjarane frå starten. Den nye skogsvegen er vel 1000 meter lang og det skal tippes tilkjørt jord for å dekke dei svære skråningane som har avrenning direkte til drikkevatnet. Landbrukskontoret har ingen god beskrivelse av dette, annet enn at det skal være reine jordmasser og uttalelsen frå Fylkesmannen at det ikkje skal være avrenning frå jordmasser mot Langavatnet. Dette kan eg ikkje sjå at det er mulig å unngå, samtidig vil denne lange vegen nærmest kreve fleire hundre, kanskje 1000 lass jord, for å dekke skåninger. Og all avrenning går til drikkevatnet i Langavatnet.

Eg forstår ikkje at kommunen tørr å gje dette ekstra nye løyvet. Fylket var veldig enig og meinte at det burde brukast stedbundne jordmasser, slik kravet er i Bergen kommune.

Eg ser at kommunen også seier at massane som no skal tilkjørast, skal komme frå utbygginga i Knarvik. Dette bekymrer meg også kvifor det skal kjørast jordmasser frå regionsbyen Knarvik for å dumpe dritten jord med avrenning til vårt drikkevatn. Dette burde vore levert i Kjeksdalen der dei kanskje vil ta imot dette som ureine jordmasser. Eg har sett og veit også frå utbyggjarane at det er komme jord og steinmasser frå andre stader i området, og ingen veit om desse massane er kontrollerte av Vassbakk og Vegvesenet.

Eg har fått mange kommentarer frå Landbrukskontoret og miljøavdelinga i kommunen, som eg reagerer sterkt på. Kommentarane gjev meg inntrykk av at det er gjort ei avtale med Vegvesenet om massane i denne utbygginga, slik at det ikkje skal være problem for Vegvesenet å verte kvitt dette, for å kunne få gjennomført prosjektet i Knarvik. Eg godtar ikkje at slikt press frå storsammfunnet og kommunen skal gå utover vårt og husdyra sitt daglege drikkevatn sidan 1930 tallet.

Eg ser også at hverken miljøavdelinga og Landbrukskontoret i Alver kommune har sett seg inn Drikkevannsforskrifta. Eg meiner den er heilt klar på kva krav som gjeld kring ei drikkevasskjelde. Kommunen burde vite bedre, og særleg når Langavatnet var Knarvik og Alversund si kommune drikkevasskjelde fram til midten av 1980 tallet. Etter dette vart Langavatnet vassdraget vidare brukt som drikkevatn for Aase.

Eg forventar ei gransking av saka og svar på mine spørsmål snarast. Eg ynsker at kommunen trekker tilbake løyvet om tilkjøring av jordmasser, til avrenning er funnet ei løysing for. Eg vert veldig bekymra og vil i samråd med Statsforvalteren i Vestland informere sivilombudsmannen og anmeldre kommunen til politiet i denne saka, dersom det ikkje vert tatt på alvor no. Det er kommunen som gjev vilkåra og vilkåra er ikkje fulgte i forhold til fylkesmannen sine merknader i denne saka.

Miljøavdelinga i Alver kommunen ser heller ikkje, på tross av befaring at forholda kan skape forureining i drikkevatnet. Ser derfor ikkje at ein kan gje eit utvida løyre til jordtipping, når det allereie er komme jord som ligg i et slags deponi på området. Eg har sjølv bede landbrukskontoret ved Mari Emilie Pettersen Hagenlund om å få vere med på ei befaring langs skogsveg prosjektet, men har ikkje fått svar ennå.

Håper på svar snarast og på førehand takk.

Mvh

Arild Aase

